



Suksessen var stor under Hopp i Havet i fjor. (Foto: Knut A. Myklebust)

Sommaren og aktivetsdagen 13. juni nærmar seg raskt og Aktivitetshusets Damevenner er i full gong med planleggjinga av eit sprekt og mangfoldig program i båthamna.

- Vi kjem sjølvsagt til å gjenta suksessen med 'Hopp i Havet' frå ifjor og vil allereie no minna alle på at det er påtide å ta fram hammar og spiker og starta byggjinga av ein farkost og melda seg på i tevlinga, seier Anita Enæs-

- Kven kan vera med?

- Store og små, far og mor, søster og bror, naboar, verksemder, lag og organisasjonar - alle kan delta! Påmeldingsfristen er 1. juni og interesserte kan ringa meg på 99 32 08 78.

Men spørsmål om rampa og/eller andre tekniske spørsmål kan rettast til Oddmund Soldal på 95 13 17 16.

- Kva med andre som vil bidra til å gjera dagen vellukka?
- Dei som vil ha stands, salsbod eller som vil delta med noko anna kan sjølvsagt også byrja å ta kontakt!

Av Ola Matti Mathisen